Levekårsutvalet

Møteprotokoll

Møtedato:	21.10.2026
Møtestad:	Øygarden rådhus - Kultursalen
Møtetid:	Kl. 14:00 - 18:30

Medlemer som møtte	Parti
Espen Cornell Jacobsen	Arbeidarpartiet
Ernst Morten Einarsen	Høgre
Renate Toft	Høgre
Robert Kaupang Sæle	Høgre
Synne Nordøy (permisjon frå kl. 17.55 etter PS-sak 046)	Høgre
Hege Renathe Glesnes	Industri- og næringspartiet
Helge Nilsen	Kristeleg folkeparti
Kjell Rune Garlid	Sotralista-TVØ
Sølvi Kobbeltvedt (permisjon frå kl. 17.55 etter PS-sak 046)	Senterpartiet

Medlemer med forfall	Parti	Vara som møtte	Parti
Geir Knarvik Fjeldstad	Ap	Arne Petter Solberg	R
Kristin Børve Jacobsen	FrP	Kjell Arne Skålevik	FrP

Desse møtte frå administrasjonen
Kommunalsjefar Marius Sylta og Line Barmen, skulesjef Rune Golf, barne- og familiesjef Monika Mørk, samhandlings- og utviklingssjef Elin Helland-Jooste

Møteleiar	Ernst Morten Einarsen
Møtesekretær	Beate Hetlevik

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel	Uoff
043/26	Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll	
044/26	Referatsaker og orienteringar	
045/26	Kvalitetsmelding 2025-26 for grunnskulen i Øygarden kommune	
046/26	Status for arbeidet med «framtidas skule»	
047/26	Forprosjekt for døgnbemanna butiltak etter barnevernslova	
048/26	Oversendingsforslag til Levekårsutvalet - ivaretaking av integritet i helse- og omsorgstenester	
049/26	Høyringsuttale frå Øygarden kommune: Regional utviklingsplan i Helse Vest 2027 - 2041	
050/26	Spørsmål	

043/26: Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll

Forslag frå kommunedirektøren
Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Levekårsutvalet 21.10.2026

Behandling i møtet

Votering
Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet 21.10.2026 - saksnr. 043/26

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

044/26: Referatsaker og orienteringar

Forslag til vedtak
Referatsakene og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Levekårsutvalet 21.10.2026

Behandling i møtet

REFERATSAKER
Det var ingen merknader til referatsakene.

ORIENTERINGAR

Status og aktuelle saker frå kommunalsjef Marius Sylta:

- Nøkkeltalsutvikling oppvekstfeltet
- Nye rektorar
- Endringar i barnevernstenesta - Flytting til nye lokale og ny barnevernsleiar er tilsett.
- Temakveld - Hjelp ungdomen til optimisme 24.09.26
- Fagdag - Førebyggjande arbeid mot utanforskap og radikalisering 20.10.26

Status og aktuelle saker frå kommunalsjef Line Barmen:

- Utskrivingsklare pasientar
- Saker som kjem
  - Velferdsteknologi i omsorgstenestene
  - Pårørandearbeid - strategisk handlingsplan
  - Kommunale tenester ved livets slutt - Status

- Brukar- og pårørande-undersøking i haust
- Totalforsvarsåret - leiarsamling for å styrka beredskapsarbeidet

Status og aktuelle saker frå kultursjef Marian Guddal Hansen

- TV-aksjonen 19. oktober 2026
- Ca 80 søknader til ekstraordinær tilskotsordning til tiltak for barn og unge
- Bygningsvernrådgjevar finansiert av Vestland fylkeskommune - kan nyttast av kommunen på timesbasis

Andre orienteringar i møtet:

- Status Homestart Øygarden
- Status Kystmuseet og Nordsjøfartmuseet v/Museum Vest
- Kulturindeksen v/Mariann Guddal Hansen
- Status prosjekt i Øygarden+ v/Elin Helland-Jooste

Det var ingen merknader til orienteringane.

Presentasjonar vert lagt ved denne saka.

Votering
Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Levekårsutvalet 21.10.2026 - saksnr. 044/26

Referatsaker og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

045/26: Kvalitetsmelding 2025-26 for grunnskulen i Øygarden kommune

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret tek kvalitetsmeldinga for grunnskulen i Øygarden kommune for 2025- 2026 til orientering.

2. Kommunestyret ber kommunedirektøren prioritera følgjande innsatsområde i skuleåret 2026-2027:

- Fagleg utvikling
- Undervisningspraksis
- Læringsmiljø
- Tidleg innsats og tverrfagleg samhandling

Levekårsutvalet viser til ungdomsrådet si tilråding

Ungdomsrådet er samd i dei prioriteringane som vert foreslått i punkt 2 i kommunedirektøren si innstilling.

Ungdomsrådet ønskjer å jobbe for at skulen i kommunen skal ha gode standarder og at det skal vere lettare/tryggare og betre for barn/unge i kommunen å gå på skule her. For å oppnå dette meiner dei at under prioriteringsområda er viktig å jobba med følgjande punkt:

1. Ungdomsrådet meiner det må bli meir fokus på fysisk lesing og læring i skulen og meir praktisk. Det opplevast som om læringsutbyttet går ned ved bruk av digitale hjelpemiddel. Opplæringa bør legge til rette for meir bruk av bøker, penn og papir og andre analoge verkemiddel enn digitale hjelpemiddel som chromebook og nettbrett
   Overgangen frå barne- til ungdomsskule må gjerast meir relevant.
2. Ungdomsrådet meiner at skulane må sjå meir på nivåinndeling av elevane, slik at elevane kan jobbe med oppgåver ut frå sitt eiga nivå, men samstundes saman med andre elever på same nivå. Dette bør særleg testast ut på dei faga elevane strevar mest med og gi kommunen moglegheit til å gripa inn tidlegare.
3. Ungdomsrådet meiner kommunen bør undersøke kva det er som gjer at det er mange elever som trenger spesialundervisning og om skulane kunne jobba førebyggande på ein anna måte. Mellom anna bør skulane sjå på om det finnast nokon fellesnemnarar for elevar med spesialundervisning og om dette kan bidra til betre tilpassing og tilrettelegging. Skulene må ha som mål at også elevar med spesialundervisning skal vere ein del av klassefellesskapet. Det bør også vere tettere dialog mellom skule og heim for å sikre dette
4. Skulane bør ta i bruk ei større grad av foreldreinvolvering. Det bør vere ei tettare dialog mellom skule og heim for å hindre utanforskap, mobbing og dårlege resultater.
5. Ungdomsrådet meiner også at skulene bør ha fokus på å bygge klassemiljø i starten av skuleåret, til dømes med ein felles aktivitet som telttur/skuletur. Dette bør vere ein særleg prioritet for dei klassetrinna kor tala på mobbing og utanforskap har endra seg.

Behandling i møtet

Orienteringar

- Generell orientering frå skulesjef Rune Golf - han svarte også på spørsmål frå utvalet.
- Korleis Landro skule har jobba med lesing ved rektor Anita Vabø og avdelingsleiar Anita Thomassen Landro.

Presentasjon vart lagt ved denne saka.

Votering

- Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes tilrådd.
- Levekårsutvalet drøfta ungdomsrådet si tilråding og peika på at innhaldet kunne synleggjerast tydelegare gjennom eit eige forslagspunkt.

Vedtak i Levekårsutvalet 21.10.2026 - saksnr. 045/26

Levekårsutvalet har slik tilråding i saka:

1. Kommunestyret tek kvalitetsmeldinga for grunnskulen i Øygarden kommune for 2025- 2026 til orientering.

2. Kommunestyret ber kommunedirektøren prioritera følgjande innsatsområde i skuleåret 2026-2027:

- Fagleg utvikling
- Undervisningspraksis
- Læringsmiljø
- Tidleg innsats og tverrfagleg samhandling

046/26: Status for arbeidet med «framtidas skule»

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

1. Kommunestyret tar evalueringa av "plan for framtidas skule - sjå meg" til orientering

2. Kommunestyret vedtek at det vert sett i gang arbeid med å utarbeide ein ny heilskapleg oppvekstplan. Kommunestyret legg til grunn at den nye oppvekstplanen skal ha ein felles overordna del for heile oppvekstområdet i Øygarden kommune, samt eigne delplanar for barnehage, skule og barne- og familietenester.

3. Kommunestyret legg til grunn at planarbeidet vert gjennomført slik at oppvekstplanen kan ferdigstillast i løpet av 2027 og leggjast fram for politisk behandling og endeleg vedtak 1.halvår 2028.

4. Kommunestyret vedtar at det blir utarbeida ein prosessplan for arbeidet som synleggjer politisk og administrativ medverknad i planarbeidet. Prosessplanen skal tilbake til Levekårsutvalet for behandling før oppstart av sjølve planarbeidet.

Levekårsutvalet 21.10.2026

Alternativt forslag Ernst Morten Einarsen H

1. Kommunestyret tek evalueringa av «Plan for framtidas skule» til orientering.
2. Kommunestyret vedtek at planen skal rullerast og utvidast til å omfatte heile oppvekstområdet i Øygarden kommune. Den nye planen får tittelen «Plan for framtidas oppvekst». Planen skal ha ein felles overordna del for heile oppvekstområdet, samt eigne delplanar for barnehage, skule og barne- og familietenester. Arbeidet skal byggje på forsking og eit kunnskapsgrunnlag, slik som den noverande planen.
3. Kommunestyret legg til grunn at planarbeidet skal ferdigstillast i løpet av 2027 og leggjast fram for politisk behandling og endeleg vedtak i første halvår 2028.
4. Kommunestyret vedtek at det skal utarbeidast ein prosessplan som synleggjer politisk og administrativ medverknad. Planen skal òg vise korleis Levekårsutvalet og ungdomsrådet skal

delta i arbeidsmøte der ulike tema blir drøfta med utgangspunkt i innspel frå forskarar. Prosessplanen skal leggjast fram for Levekårsutvalet til behandling før sjølve planarbeidet startar.

Behandling i møtet

Votering

- Kommunedirektøren sitt forslag fall.
- Forslag frå Ernst Einarsen (H) vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Levekårsutvalet 21.10.2026 - saksnr. 046/26

Levekårsutvalet har slik tilråding i saka:

1. Kommunestyret tek evalueringa av «Plan for framtidas skule» til orientering.
2. Kommunestyret vedtek at planen skal rullerast og utvidast til å omfatte heile oppvekstområdet i Øygarden kommune. Den nye planen får tittelen «Plan for framtidas oppvekst». Planen skal ha ein felles overordna del for heile oppvekstområdet, samt eigne delplanar for barnehage, skule og barne- og familietenester. Arbeidet skal byggje på forsking og eit kunnskapsgrunnlag, slik som den noverande planen.
3. Kommunestyret legg til grunn at planarbeidet skal ferdigstillast i løpet av 2027 og leggjast fram for politisk behandling og endeleg vedtak i første halvår 2028.
4. Kommunestyret vedtek at det skal utarbeidast ein prosessplan som synleggjer politisk og administrativ medverknad. Planen skal òg vise korleis Levekårsutvalet og ungdomsrådet skal delta i arbeidsmøte der ulike tema blir drøfta med utgangspunkt i innspel frå forskarar. Prosessplanen skal leggjast fram for Levekårsutvalet til behandling før sjølve planarbeidet startar.

047/26: Forprosjekt for døgnbemanna butiltak etter barnevernslova

Forslag frå kommunedirektøren

Levekårsutvalet vedtek:

1. Levekårsutvalet tilrår at det vert etablert eit forprosjekt som skal greie ut dei faglege, økonomiske og organisatoriske rammene for eit framtidig bu- og omsorgstilbod til barn og unge med samansette hjelpebehov, og leggje fram tilråding om vidare oppfølging for politisk behandling.
2. Endeleg avgjerd om oppstart av prosjektet og løyving av midlar vert gjort i samband med budsjett og økonomiplan for 2027–2030.

Levekårsutvalet 21.10.2026

Behandling i møtet

Orientering
Barne- og familiesjef Monica Mørk orienterte om saka og svarte på spørsmål frå utvalet.
Presentasjon vert lagt som vedlegg til denne saka.

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet 21.10.2026 - saksnr. 047/26

Levekårsutvalet vedtek:

1. Levekårsutvalet tilrår at det vert etablert eit forprosjekt som skal greie ut dei faglege, økonomiske og organisatoriske rammene for eit framtidig bu- og omsorgstilbod til barn og unge med samansette hjelpebehov, og leggje fram tilråding om vidare oppfølging for politisk behandling.
2. Endeleg avgjerd om oppstart av prosjektet og løyving av midlar vert gjort i samband med budsjett og økonomiplan for 2027–2030.

048/26: Oversendingsforslag til Levekårsutvalet - ivaretaking av integritet i helse- og omsorgstenester

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan innstilling

Levekårsutvalet 21.10.2026

Tilleggsforslag Ernst Morten Einarsen H

1. Levekårsutvalet understrekar at helse- og omsorgstenesta skal ivareta tenestemottakarane sin integritet, tryggleik og verdigheit, og retten deira til medverknad.
2. Levekårsutvalet ber kommunedirektøren leggje fram ei sak med eit konkret forslag til korleis tenestemottakarar i heimetenestene kan bli spurde om dei har ønske knytte til kjønn på medarbeidaren som utfører dusjing, intimhygiene, og anna kroppsnær personleg hjelp. Saka skal vise korleis slike ønske kan registrerast, følgjast opp og endrast.
3. Saka skal vurdere om det bør innførast ei ordning der tenestemottakaren må gje særskilt samtykke før slik hjelp blir utført av ein medarbeidar av eit anna kjønn enn tenestemottakaren har uttrykt ønske om. Saka skal vise korleis ei slik ordning kan gjennomførast i praksis.

4. Dersom kommunedirektøren ikkje tilrår ei slik ordning, skal saka grunngje dette særskilt, og det skal utarbeidast eit konkret alternativ for korleis tenestemottakaren sine ønske og rett til medverknad kan bli tekne vare på.

Behandling i møtet

Votering

Tilleggsforslag frå Ernst Einarsen (H) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet 21.10.2026 - saksnr. 048/26

1. Levekårsutvalet understrekar at helse- og omsorgstenesta skal ivareta tenestemottakarane sin integritet, tryggleik og verdigheit, og retten deira til medverknad.
2. Levekårsutvalet ber kommunedirektøren leggje fram ei sak med eit konkret forslag til korleis tenestemottakarar i heimetenestene kan bli spurde om dei har ønske knytte til kjønn på medarbeidaren som utfører dusjing, intimhygiene, og anna kroppsnær personleg hjelp. Saka skal vise korleis slike ønske kan registrerast, følgjast opp og endrast.
3. Saka skal vurdere om det bør innførast ei ordning der tenestemottakaren må gje særskilt samtykke før slik hjelp blir utført av ein medarbeidar av eit anna kjønn enn tenestemottakaren har uttrykt ønske om. Saka skal vise korleis ei slik ordning kan gjennomførast i praksis.
4. Dersom kommunedirektøren ikkje tilrår ei slik ordning, skal saka grunngje dette særskilt, og det skal utarbeidast eit konkret alternativ for korleis tenestemottakaren sine ønske og rett til medverknad kan bli tekne vare på.

049/26: Høyringsuttale frå Øygarden kommune: Regional utviklingsplan i Helse Vest 2027 - 2041

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Levekårsutvalet vedtek høyringsuttala til Regional utviklingsplan i Helse Vest RHF 2027 - 2041 slik ho ligg ved saka.

Levekårsutvalet 21.10.2026

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøysts vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet 21.10.2026 - saksnr. 049/26

Levekårsutvalet vedtek høyringsuttalen til Regional utviklingsplan for Helse Vest RHF 2027–2041, slik denne ligg føre i vedlegg til saka.

050/26: Spørsmål

Forslag til vedtak
Spørsmål med svar og innspel i saka vert teke til orientering.

Levekårsutvalet 21.10.2026

Svar på spørsmål frå Levekårsutvalet 16.09.2026 Robert Kaupang Sæle H

Den siste tida har det vore omorganiseringar i den kommunale eininga for drift, vedlikehald, bygg, mm.

I tildligare saker i Levekårsutvalet vart det vedteke at det skulle tilsetjast ein eigen banemester som skulle ha ansvar for vedlikehald, brøyting, mm kring dei kommunale idrettsanlegga. Har dette fungert og er denne dedikerte stillinga vidareført? Korleis er tilbakemeldngane frå klubbane som nyttar og/eller har avtale med kommunen om bruk av desse anlegga.

Svar:

Det er framleis ein dedikert medarbeidar som har ansvar for drift og vedlikehald av dei kommunale banene, inkludert brøyting og andre nødvendige driftsoppgåver.

Vår vurdering er at ordninga fungerer godt og bidreg til kontinuitet og god oppfølging av anlegga. Ein opplever at samarbeidet og dialogen med idrettslaga som nyttar anlegga, er god. Tilbakemeldingane er i hovudsak positive, og me opplever eit godt samarbeid om den daglege drifta og vedlikehaldet av anlegga.

Idrettslaga som nyttar dei kommunale anlegga, får òg tilgang til å melde inn feil og manglar direkte i kommunen sitt FDV-system. Dette vil bidra til enklare innmelding, betre oversikt og meir systematisk oppfølging av behov for drift og vedlikehald ved anlegga.

Behandling i møtet

Det var ingen spørsmål i møtet.

Vedtak i Levekårsutvalet 21.10.2026 - saksnr. 050/26

Spørsmål med svar og innspel i saka vert teke til orientering.